



Gitar-dioan Gjermund Fredheim/Harald Kvasnes spelar i kyrkja for andre gongen i år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Julekonserten i Uskedal kyrkje på søndagskvelden knytter seg inn i ein årelang tradisjon, men denne gongen får konserten karakter av å vera ei større song- og musikkhøgtid enn vanleg. Det er fleire aktørar enn tidlegare.



Røysterett for alle – her i aksjon i kulturhuset på Husnes - har fem nummer på programmet i kyrkja. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Nytt er det og konserten den blir halde på kveldstid og ikkje om ettermiddagen. Dermed burde det ikkje bli nokon kollisjon med julehandelen.

Dei tradisjonelle aktørane stiller sjølvstilt opp og gledeleg nok er både Uskedal Skulemusikk og Uskedal Musikklag på plass, naturleg nok med eit juleprega repertoar. Det er sjølvstilt også Kvinnherad trekkspelklubb og Røysterett for alle.

Koret, som har fått ein nytt lyft under ein ny musikalsk leiar, har fem nummer på programmet denne gongen og dei spenn over eit vidt spekter songleg sett: Kling no klokka, Vinternatt, Under stjernehærens vrimmel, Engler kom fra høye himler og Jul, jul, strålande jul.

Eit innlag som sikkert blir eit høgdepunkt i konserten blir solosongen til den musikalske leiaren: Maria Malmsten har latt si store røyst (mezzosopran) høyre fleire stader i Kvinnherad i den seinare tid, og no kjem turne til kyrkja vår. Ho har sett overskrifta 'Julefolketonar' over si avdeling og spennvidda er stor, frå italiensk Mariasong frå middelalderen, via den svenske folketonen Sankt Staffan til 'Et barn er født', som eigentleg også er ein folketone frå middelalderen.

Ei anna spanande nyhende i konserten er at den framifrå gitarduoen Gjermund Fredheim (Uskedalen) og Harald Kvasnes (Ålesund) får sjansen til å spela ein gong til i kyrkja vår dette året. Under den førre konserten var det skammeleg få til stades og nå får fleire sjansen til å høyra kor utruleg gode dei er! Også denne gongen har duoene tradisjonelle gitar-komposisjonar på programmet, av Albenis, Assad og Piazzolla, og det blir ein variant mellom alle julesongane.

Det blir også allsong og ein stutt andakt ved rektor ved ungdomsskolen i Rosendal, Stein Elling Schille.

Også denne gongen er det soknerådet som står som arrangør og soknerådsmedlem Audun Eik skal leia konserten. Den vil nok vara innpå to timar og Eik lovar ei stor førjulsoppleving som samtundes syner kor stor breidde song- og musikklivet i bygda etterkvart har fått.

Av Ola Matti Mathisen



Maria Malmsten syng også solo under julekonserten. (Foto: Ola Matti Mathisen)